

BRUKARUTVALET I HELSE MØRE OG ROMSDAL HF

Protokoll nr. 01/15

Møte 19.01.15.

Tilstades: X

Medlemmer:

- X Karsten Aak, leiar
- X Hanne-Lilian Søvik, nestleiar
- X Kåre Steinsvik
- X Hilde Marie Kleiven
- X Ingrid Løset
- X Ann Helene Skare
- X Torbjørn Vorpenes
- X Inger Nossen Sandvik
- X Jakob Strand
- X Helge Ristesund

Varamedlemmer:

- Atle Tangen
- Daniel Ask
- Frank Johnny Svendsen
- Kjell Inge Skarbø
- Norunn Heggebakk Steinnes

Administrasjonen:**Andre:** Seksjonsleiar Jacob Devold, Pasientreiser**Sekretariatet:**

Helse Møre og Romsdal HF v/konsulent Randi Spjelkavik Ramnefjell

Fråvær:

Møtet i Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF vart halde på Ålesund sjukehus, adm. styrerommet og starta kl. 10.00.

Karsten Aak leia møtet og ønska alle velkomne, og gjekk igjennom sakslista.

Endring i saksliste:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF behandla følgjande saker:

**BU 2015/01 Godkjenning av innkalling og sakliste
underskrift av protokoll nr. 10/14 frå møte 15.12.14.**

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner innkalling og sakliste til møte 19.01.15.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner innkallinga og sakliste til møtet 19.01.15.

Protokoll nr. 10/14 som vart godkjent i møte 15.12.14., vart underskriven av brukarrepresentantane.

BU 2015/02 Orienteringssaker

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF, tek orienteringssakane til vitande.

Protokoll:

1. Årleg melding 2014:
 - Brukarutvalet har gjennomgått årleg melding 2014, med fokus på pkt. 2.1. Brukarutvalet har vært involvert i saker som omhandlar pasient og brukar. Brukarutvalet tek årleg melding 2014 til vitande.
2. Ventetid og fristbrotsgrafar:
 - Brukarutvalet er nøgd med at ein får meir og betre informasjon om ventetid og fristbrotsgrafar. Brukarutvalet ser at tal for ventetid og fristbrot framleis er på eit høgt nivå. Brukarutvalet har tidlegare vist uro for det høge nivået på ventetid og fristbrot, og ber styret om å sette i verk tiltak for å redusere desse.
3. Orientering om brukarmedverknad i RBU HMN, fadderbesøk:
 - Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal håper på å få besøk frå fadder i RBU HMN i 2015.
4. Framtidig strategi rundt dei økonomiske utfordringane i HMR:
 - Brukarutvalet ser at det er store økonomiske utfordringar i drifta framover, og forutsett at det ligg økonomisk bæremne til grunn for vidare planar for nytt sjukehus. Dette må på ingen måte gå på bekostning av tilboda til brukar og pasient. Brukarutvalet har tillit til at tilboda i helseføretaket vert videreført til det beste for pasient og brukar, også i perioden fram til ferdigstilling av nytt sjukehus for Nordmøre og Romsdal.
5. Valg av brukarrepresentantar til styremøter 2015:

Følgjande brukarrepresentantar stiller til styremøter i 2015:

 - 21.01.15 – Karsten Aak og Kåre Steinsvik
 - 25.02.15 – Karsten Aak og Hanne-Lilian Søvik
 - 18.03.15 – Karsten Aak og Hilde Marie Kleiven
 - 06.05.15 – Karsten Aak og Jakob Strand

- 03.06.15 – Karsten Aak og Ann Helene Skare
 - 26.08.15 – Karsten Aak og Inger Nossen Sandvik
 - 30.09.15 – Karsten Aak og Ingrid Løset
 - 28.10.15 – Karsten Aak og Torbjørn Vorpenes
 - 09.12.15 – Karsten Aak og Hanne-Lilian Søvik
6. Brukerrepresentant til Prosjekt sjukehuspsykiatri Sunnmøre:
 - Ingrid Løset er valt som representant. Inger Nossen Sandvik er valt som vara for Ingrid Løset.
 7. Nye retningslinjer for godtgjerdelse i brukarutvala frå 01.01.2015.:
 - Alle reiserekningar skal sendas til sekretær i Brukarutvalet.
 - Dei som har reisetid mindre enn 2 t, skal kun ha møtegodtgjerdelse for møtetid.
 - Det vert sendt ei henvendelse til Regional brukarutval, der ein ber om ei grundigare orientering på spørsmål til dei nye retningslinjene.
 - Brukarutvalet ynskjer at ein får tilgang til reiserekningsskjemaet elektronisk.
 - Brukarutvalet ber om avklaring på om reisetida skal være kortere 1 eller 2 timer som ikkje honorerast.
 - Brukarutvalet ber om at det vert utarbeida eit nytt reiserekningsskjema for bruk. Det må bli enklare å skilje mellom reisetid og møtetid på skjemaet
 8. Presentasjon av seksjonsleiar Jacob Devold, Pasientreiser HMR:
 - Presentasjonen var ei nyttig orientering for Brukarutvalet
 9. Oppnemning av medlem og varamedlem til overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal:
 - Kåre Steinsvik oppnemnes som medlem og Hanne-Lilian Søvik som varamedlem

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek øvrige orienteringssakar til vitande

BU 2015/03 Orientering om saker til styremøte 21.01.15.

Innstilling:

Ass. direktør Helge Ristesund orienterte om saker som skal behandlas i styremøte til Helse Møre og Romsdal HF 21.01.15.

Protokoll:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal, ba om å få ei orientering om kva som har skjedd i helseføretaket sidan siste møte i Brukarutvalet. Ass. direktør Helge Ristesund orienterte om status fram til i dag.

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal har tillit til at tilbodet til pasient og brukar i helseføretaket, fortsatt vil bli ivareteken på ein kvalitativ god måte.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF, tek sakane som blir lagt fram for behandling i styremøte til Helse Møre og Romsdal HF 21.01.15, til vitande.

BU 2015/04 Strategisk tilnærming til plan for omstillingsarbeid i Helse Møre og Romsdal (styresak 2015/03)

Innstilling:

Vedlagt følger styresak 2015/03 – Strategisk tilnærming til plan for omstillingsarbeid i Helse Møre og Romsdal

Styret skal behandle saka i styremøte 21.01.2015.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF, tek saka til vitande.

BU 2015/05 Eventuelt

Ann Helene Skare orienterte frå arbeidet i styringsgruppa for RUS behandling og TSB arbeid i Kristiansund. Arbeidet vil bli avslutta 30.06.15.

BU 2015/06 Godkjenning av protokoll nr. 01/15 frå møte 19.01.15.

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 01/15 frå møte 19.01.15.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 01/15 frå møte 19.01.15.

Møtet slutt kl. 14:38

Ingrid Løset

Hilde Marie Kleiven

Kåre Steinsvik

Jakob Strand

Ann Helen Skare

Torbjørn Vorpenes

Inger Nossen Sandvik

Atle Tangen

Karsten Aak